

# Notat

---

Går til: Styremedlemmar  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 17.08.2009  
Frå: Konstituert administrerande direktør Helge Bryne  
Sakshandsamar: Bjørg Sandal  
Saka gjeld: **Statens kommunikasjonspolitikk**

**Styresak 075/09 O**  
**Administrerande direktør si orientering pkt. 5**

**Styremøte 02.09.2009**

---

Statens kommunikasjon frå 1993 skal reviderast. Helse Vest er høyringsinstans og har i sommar sendt inn våre innspel til utforming av den endelige kommunikasjonspolitikken. Alle HF-a i vest har vore inviterte til å komme med innspel til Helse Vest RHF.

Statens kommunikasjon skal vere prega av openheit og aktiv dialog med innbyggjarane, både når det gjeld tenesteutvikling og politikkutforming. Måla for den statlege kommunikasjonspolitikken er at innbyggjarane skal:

- få god informasjon om rettar, plikter og mogleigheter
- ha tilgang til informasjon om statens verksemrd
- inviterast til å delta i utforminga av politikk, ordningar og tenester.

For å nå desse måla er det sett opp følgjande føresetnader:

- ha kunnskap om behov, føresetnader og synspunkt i dei ulike målgruppene
- bruke eit enkelt og forståeleg språk
- sikre at offentleg informasjon og kommunikasjon er påliteleg og samordna
- kommunisere og informere målretta og effektivt slik at ein når målgruppene
- utnytte dei teknologiske moglegheitene
- vise respekt og vere imøtekommande i kommunikasjonen

Følgjande kommunikasjonsprinsipp ligg til grunn for all statleg kommunikasjon:  
Openheit, medverknad, å nå alle, aktiv og heilskapleg.

I høyringsutkastet legg ein ikkje opp til at den reviderte kommunikasjonspolitikken skal utløyse krav til nye tiltak, men heller påverke praksis og prioriteringar i kommunikasjonsarbeidet.

Særleg tre område blir understreka:

- kommunikasjon er eit leiaransvar – og ein bør stille resultatkrav til statlege leiarar også innan kommunikasjonsarbeid. Kommunikasjon er eit verkemiddel på lik linje med andre verkemiddel for at staten skal nå dei ønska resultata. Kommunikasjon må integrerast i arbeidsprosessane.
- Elektronisk kommunikasjon skal vere den primære informasjons- og kommunikasjonskanalen. Dei mest effektive elektroniske løysingane skal nyttast, også sosiale media.
- Enkelt språk er ein føresetnad for at mottakar skal forstå. Dette gjeld i alle skriftleg og munnleg kommunikasjon.

Nokre andre viktige område:

I høyringsutkastet går det fram at statlege verksemder skal vere forsiktige med å bruke profileringstiltak som til dømes sponsing for å fremje tillit. Når det gjeld mediekontakt blir det understreka at verksemdene skal ha retningslinjer for mediekontakt. Retningslinjene skal understøtte ein openheitskultur og sikre at media har lett tilgang til personar som kan uttale seg på vegne av verksemda. Alle media skal ha lik rett til innsyn.

Kommunikasjon mellom leiarar, tilsette og deira organisasjonar må byggje på openheit, tillit og gjensidig respekt.

Helse Vest er positive til hovudretninga i høyringsnotatet, men ser at kommunikasjonspolitikken blir svært generell og dermed utsydeleg på nokre punkt.

Helse Vest peikar på at:

- verksemdene må sikre at informasjonen og kommunikasjonen er heilskapleg for mottakar. Med dagens mange ulike kanalar er dette ei utfordring – ikkje minst for mottakar utan særleg kunnskap til verksemdene / tilboda. For desse er det ofte vanskeleg å finne fram. Her bør den endelege kommunikasjonspolitikken ta eit ytterlegare steg og vere meir konkret.
- det endelege dokumentet må vere meir konkret når det gjeld resultatkrav til leiarar.
- signala om at statlege verksemder skal bruke sosiale media er viktig. Her må ein vere tydelegare (gjeld både bruksområde og IKT-behov) på korleis statlege verksemder skal nytte sosiale media.
- tilgangen på elektroniske malar på nynorsk må bli betre.
- det må arbeidast systematisk med betre språkføring både på nynorsk og bokmål. Vi pliktar å informere på ein slik måte at bodskapen er lett forståeleg. Her er det mykje å gå på for å sikre eit enklare og tydelegare språk både i formelle skriv, brev, skjema og i ekstern informasjon.
- den endelege kommunikasjonspolitikken må ta eit tydelegare standpunkt når det gjeld sponsing i offentlege verksemder.